



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat

Studentparlamentsmøte 06.10.2021

Tid Onsdag 06.10.21 kl 16.00-19.15
Stad Vekselstrøm

Til stades med stemmerett: 11

AHL Andrine Kompen (H)
Robert Kim Hoang (H)
AKF Håvard Sætre Øvrebø (H)
Leander Prag Strømme (H)
AMF Ayoub El Azzaoui (H)
Henriette Nordheim (H)
ASH Monira Adam (H)
Jenny Nystad (H)
FRI Rikke Jenny Pettersen (H)
Ida Vaage Brådalen (V)
Hermund Olsen Johannessen (V)

Meldt forfall: Abdikani Amin (FRI/ASH), Vidvuds Karlis Sulcs (FRI/AHL), Mathilde Tafjord Rødhammar (AU)

Til stades utan stemmerett

AU Trond-Fredrik Hoddevik, Fady Gemayel, Daria Jermacane, Bethel Britto
Ordstyrar Irmelin Angell Losvik
Organisasjonskonsulent Marit Aklestad (referent)
Andre møtande/gjestar Severine Riise Eidem (Vara AHL), John Kristian Simonsen (Vara AKF), Calvin Thomas Berget (Vara AKF), Gwendolyn Wordenweber (Vara AMF), Ingrid Wikdahl (Vara ASH).

	Saksliste for studentparlamentsmøte 06.10.21	*
00	Praktisk info om gjennomføring av møtet	
01	Konstituering av Studentparlamentet 2021-22	V
02	Godkjenning av innkalling	V
03	Godkjenning av dagsorden med saksliste	V
04	Godkjenning av referat frå møte 28.04.21	V
05	Orienteringar	O
06	NSO haustkonferanse 21 i Bergen	V
	Pause	
07	Møteplan for Studentparlamentet 2021-2022	V
08	Val av Studentrepresentantar til råd og utval ved HVO	V
09	Høyring – Strategiplan for HVO 2022-29	D/V
10	Eventuelt	D/V
	Møteslutt	
	Møtekritikk	

* V = vedtakssaker, O = orienteringssaker, D = diskusjonssaker

Sak 00:

Praktisk info om gjennomføring av møtet v/ordstyrar Irmelin Angell Losvik og leiar Trond-Fredrik Hoddevik

Sak 01 – 21/22: Konstituering av Studentparlamentet 2021-2022

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop. 11 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Godkjenning av valresultatet

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik presenterte talmaterialet bak valresultatet og orienterte om valprosessen. Valdeltakinga var låg, men variert mellom avdelingane. Høgast deltaking på AMF og lågast på AHL.

Innspel frå Parlamentet for å auke valdeltakinga:

- Få stemmelenke direkte på privat mail. Tungvint å gå gjennom studenteposten.
- Skulle vore info i alle klasser, ikkje berre førsteårsstudentar
- Meir promotering i Fadderveka og vidare utover hausten
- Meir info om parlamentet gjennom heile året er viktig. Synleggjere kva vi gjer og oppnår slik at fleire opplever Parlamentet som relevant. Det gir større sjanse for at dei stemmer og stiller til val.

Leiar la fram valresultatet for godkjenning.

AU sitt forslag til vedtak:

- Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram.
- Studentparlamentet vel Irmelin Angell Losvik til fast ordstyrar på studentparlamentsmøta med Trym N. Rimmen som vara.
- Studentparlamentet vel organisasjonskonsulent Marit Aklestad til referent for møtet.
- Studentparlamentet vel Daria Jermacane, Bethel Britto og Marit Aklestad til teljekorps for møtet.

Votering: Det kom ingen endringsforslag. Forslaget til vedtak vart stemt over punktvis, som alle vart samrøystes (einstemmig) vedtatt.

Vedtak (samrøystes):

- Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram.
- Studentparlamentet vel Irmelin Angell Losvik til fast ordstyrar på studentparlamentsmøta med Trym N. Rimmen som vara.
- Studentparlamentet vel organisasjonskonsulent Marit Aklestad til referent for møtet.
- Studentparlamentet vel Daria Jermacane, Bethel Britto og Marit Aklestad til teljekorps for møtet.

Sak 02 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Merknad: innkalling kan ha gått i søppelpost eller uteblitt. Organisasjonskonsulent sjekkar opp registrerte e-postadresser. Representantane melder til org.kons. ved endring av mailadresse.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 03 – 21/22: Godkjenning av dagsorden med sakliste

Type sak: Vedtakssak

Merknader:

- AU føreslo at sak 5 og sak 9 byter plass
- AU meldte om ei sak til eventuelt: Miljøfyrtårn

Vedtak (samrøystes)

Studentparlamentet vedtek fylgjande dagsorden med sakliste for møtet, inkludert 2 merknader:

- Sak 5 og 9 byter plass
- 1 eventuelt sak: Miljøfyrtårn

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 06.10.21	*	Saksansvarleg
16.30	00	Praktisk info om gjennomføring av møtet		Ordstyrar/leiar
	01	Konstituering av Studentparlamentet 2021-22	V	Leiar
	02	Godkjenning av innkalling	V	Ordstyrar
	03	Godkjenning av dagsorden med sakliste	V	Ordstyrar
	04	Godkjenning av referat frå møte 28.04.21	V	Ordstyrar
17.00	05	Orienteringar	O	Leiar
	06	NSO haustkonferanse 21 i Bergen	V	Leiar
17.15		Pause		
17.30	07	Møteplan for Studentparlamentet 2021-2022	V	Ordstyrar
	08	Val av Studentrepresentantar til råd og utval ved HVO	V	Leiar
	09	Høyring – Strategiplan for HVO 2022-29	D/V	Leiar
	10	Eventuelt	D	Leiar
19.30		Møteslutt		

Møtekritikk etter formell møteslutt.

Sak 04 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 28.04.21

Type sak: Vedtakssak

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 28.04.21.

Sak 05 – 21/22: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Arbeid med etiske retningslinjer v/leiar Trond-Fredrik Hoddevik
- Arbeid med ny arbeidsplan 21-22 v/leiar Trond-Fredrik Hoddevik
- Prosjektgruppe for nytt inventar i kantina v/internasjonalt ansvarleg Fady Gemayel

Sak 06 – 20/21: NSO haustkonferanse 21 i Bergen

Type sak: Vedtakssak

NSO sin årlege haustkonferanse finn stad i Bergen 29.-31. oktober 21. Som medlemslag i NSO får Studentparlamentet i Volda dekt reise og opphald til to deltakarar på konferansen. Leiar Trond-Fredrik Hoddevik kjem til å delta gjennom sitt verv som vara til læringsmiljøpolitisk komite i NSO, så han treng ikkje nokon av plassane.

Debatten: Studentparlamentet diskuterte om ein vil sende ein frå AU og ein frå Parlamentet, men lot dette vere opp til den enkelte under hemmeleg votering.

Desse stilte til val:

- Matilde Tafjord Rødhammer (AU)
- Leander Prag Strømme (repr. i parlamentet)
- Robert Kim Hoang (repr. i parlamentet)

Votering: urneval

Vedtak

Matilde Tafjord Rødhammer og Robert Kim Hoang er valde til utsendingar til NSO sin haustkonferanse 21. Leander Prag Strømme er vara.

Sak 07 – 20/21: Møteplan for Studentparlamentet 20/21

Type sak: Vedtakssak

Parlamentet vedtok AU sitt forslag til møtedatoar utan endringar:

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet sin møtekalender 2021-22:

Oppstartshelg, Ulsteinvik 02.-03.10.21

Møte nr 1: onsdag 06.10.21

Møte nr 2: onsdag 27.10.21

Møte nr 3: onsdag 24.11.21

Juleavslutning fredag 10.12.21

Møte nr 4: onsdag 26.01.22

Møte nr 5: onsdag 23.02.22

Møte nr 6: onsdag 30.03.22

Møte nr 7: onsdag 27.04.22

Sak 08 – 20/21: Val av studentar til råd og utval ved HVO

Type sak: Vedtakssak

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik orienterte om dei ulike utvala, og alle som stilte til val fekk høve til å presentere seg gjennom ein liten valtale.

Votering vart gjort ved urneval (hemmeleg val).

Oversiktstabell over val til utval, råd og nemnder 21-22

*Namn med stjerne er supplert inn av AU på AU-møte 13.10.21, sak 156/21.

Utval	Desse stilte til val	Studentrepresentasjon	Innvalde studentar
Utdannings-utvalet	Robert Kim Hoang Stilte som vara: Severine Eidem	<i>Fagansvarleg i AU er fast representant.</i> SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. <i>Fagansvarleg i AU Matilde Taffjord Rødhammer</i> 2. Robert Kim Hoang Vara: 1. Severine Riise Eidem 2. Maja Susann Melbye*
Inter-nasjonalt utval	Kristina Mari Roald	<i>Internasjonal ansv. i AU er fast representant.</i>	1. <i>Internasjonal ansvarleg i AU Fady Gemayel</i>

	Gwendolyn Wördenweber Ayoub El Azzaoui	SP vel 1 fast representant og 2 vara	2. Gwendolyn Wördenweber Vara: 1. Ayoub El Azzaoui 2. Kristina Mari Roald
Læringsmiljø- utvalet (LMU)	Leander Prag Strømme Monira Adam Ida Vaage Brådalen Andrine Kompen	<i>Velferdsansvarleg i AU er fast representant.</i> SP vel 3 faste representantar og 4 vara	1. <i>Velferdsansvarleg i AU Daria Jermacane</i> 2. Andrine Kompen 3. Monira Adam 4. Ida Vaage Brådalen Vara: 1. Leander Prag Strømme 2. Severine Riise Eidem* 3. Maja Susann Melbye* 4. Robert Kim Hoang*
Tilsetjings- utvalet for undervisnings- og forskings- stillinger (TUFO)	Robert Kim Hoang Leander Prag Strømme	<i>Leiar for Stud.parl. er fast representant.</i> SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Leiar i AU Trond-Fredrik Hoddevik 2. Leander Prag Strømme Vara: 1. Robert Kim Huang 2. Maja Susann Melbye*
Klagenemnda	Daria Jermacane Håvard Sætre Øvrebø	SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. Daria Jermacane 2. Håvard Sætre Øvrebø Vara: 1. Calvian Thomas Berget 2. Bethel Britto*
Sikkanemnda	Rikke Jenny Pettersen Jenny Nystad Andrine Kompen Ingrid Wikdahl Ida Vaage Brådalen	SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. Rikke Jenny Pettersen 2. Jenny Nystad Vara: 1. Ingrid Wikdahl 2. Andrine Kompen
Forskings- utvalet	Monira Adam Leander Prag Strømme Robert Kim Hoang	SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. Monira Adam 2. Leander Prag Strømme Vara: 1. Robert Kim Hoang 2. Matilde Tafjord Rødhammer*
Valstyret	Hermund Olsen Johannessen Stilte til vara: Jenny Nystad Monira Adam	<i>Infoansvarleg i AU er fast representant.</i> SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. <i>Informasjonsansvarleg i AU Bethel Britto</i> 2. Hermund Olsen Johannessen Vara: 1. Jenny Nystad 2. Monira Adam

Tilleggspunkt fremja av AU:

Studentparlamentet gir AU fullmakt til å gjennomføre suppleringsval til dei resterande varaplassane i utvala.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet gir AU fullmakt til å gjennomføre suppleringsval til dei resterande varaplassane i utvala.

Sak 09 – 21/22: Høyring – Strategiplan for HVO 2022-29

Type sak: Vedtakssak

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik orienterte om strategiplanen og prosessen bak den, og presenterte AU sitt utkast til høyringsvar. Studentar har medverka i strategiplanarbeidet gjennom strategiverkstadar i våren 2021.

Debatten: innspel frå Studentparlamentet til AU

- Klima og miljø er eit viktig område som må kome tydelegare fram. Miljøfyrtårn er bra, men kan og bør gjere meir.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet gir AU i oppgåve å ferdigstille høyringssvaret basert på innspela som har kome fram i tidlegare prosess og i dagens møte.

Ingen endringsforslag.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet gir AU i oppgåve å ferdigstille høyringssvaret basert på innspela som har kome fram i tidlegare prosess og i dagens møte.

Sak 10 – 20/21: Eventuelt

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

10.1 Miljøfyrtårn

Arbeidsgruppa for Miljøfyrtårn inviterer 1-2 studentar til å bli med i gruppa. Arbeidsgruppa består av administrativt tilsette ved ulike deler av HVO, slik som Drift, studieadministrasjon m.m.

Debatten: Parlamentet diskuterte om vervet burde lysast ut meir offentleg for alle studentar.

Desse stilte til val

Rikke Jenny Pettersen
Hermand Olsen Johannessen

Votering: akklamasjon.

Vedtak:

Rikke Jenny Pettersen og Hermand Olsen Johannessen vert studentrepresentantar i Miljøfyrtårn-gruppa 21-22.

Møteslutt kl 19.00

Møtekritikk etter formell møteslutt

Det blir ikkje ført referat frå møtekritikken i referata frå møta i Studentparlamentet, men innspela blir tatt med i AU si møteevaluering og i AU og sekretariat sine førebuingar til neste møte.